



Vedtekter for kulturfond

Jamfør KS-vedtak 051/2023 er kr. 1 000 000 sett av til kulturfond finansiert av disposisjonsfondet.

Kulturfond

Fondet kan nyttast for å supplere den årlege tilskotsordninga *Kulturmidlar* ved særskilt gode eller naudsynte tiltak, samt løyvingar som vert gjort etter vedtak om *Prinsipp for handsaming av generelle søknader om tilskot*. Kulturfondet er per vedtaksdato kr. 500 000.

Saksgangen følg *Retningsliner for tildeling av kulturmidlar og Prinsipp for handsaming av generelle søknader om tilskot*.

Tilskot til investeringstiltak for kulturhus/ungdomshus og korona-tiltak

Det er sett av kr. 500 000 frå kulturfondet til ei midlertidig ordning med følgjande føremål:

- 1) Frivillige lag og organisasjonar, grupper og institusjonar som driv kultur- og fritidsarbeid i Samnanger kommune og som har økonomiske utfordringar grunna korona-pandemien kan søka om støtte til konkrete utgifter som kan bidra til økonomisk balanse eller konkrete tiltak for å redusere ringverknader frå inntektsfråfall.
- 2) Eigarar av kulturhus/ungdomshus kan søke om støtte til investeringstiltak. For søknader om større summer vil administrasjonen undersøke om det er høve for å søke ytterlegare støtte via *Tilskot til lokale kulturbygg* ved Vestland fylkeskommune.

Dersom det er naudsynt med prioriteringar av søknader vert desse tilhøva vektlagt:

- Støtte til konkrete utgifter som kan bidra til økonomisk balanse ved økonomiske utfordringar grunna korona-pandemien.
- Støtte til naudsynt rehabilitering og vedlikehald av kulturhus/lagshus for å hindra forfall.
- Støtte til kulturhus/lagshus som kan visa til mykje aktivitet og gagnar ålmenta.

Tildelingskriteria:

- Søknaden skal innehalda ei konkret skildring av kva det vert søkt om inkludert plan for gjennomføring, kostnader, budsjett- og finansieringsplan.
- Bruk av tilskot skal kunne dokumenterast gjennom enkel rapport etter avslutta tiltak.
- Unytta tilskot og/eller uriktig bruk av tilskot vert kravd tilbakebetalt.
- Siste års reviderte rekneskap, vedteke årsplan og vedtekter skal følgja søknaden.
- Tilskot blir berre gjeve til hovudlaget.

Generelle fastsetjingar:

- Det vert ikkje gjeve tilskot til løn.
- Frivillige lag og organisasjonar og institusjonar skal ha opent medlemskap og vera demokratisk oppbygd.

Utlysing, søknadsfrist og søknadsskjema

Høve for å søka tilskot vert lyst ut snarleg etter at *Vedtekter for kulturfond* er vedtatt. Søknadsfristen vert sett til 20. januar 2023. Ein finn digitalt søknadsskjema på www.samnanger.kommune.no.

Tilskotssats

Sum til fordeling er kr. 500 000. Tilskot vert vurdert ut frå søknadstekst, andre finansieringskjelder og mengde tilgjengelege midlar i høve til søknadsmassen.

Heile eller delar av summen til fordeling kan haldast attende dersom det ikkje ligg føre godt kvalifiserte søkarar.

Sakshandsaming

Formannskapet fattar vedtak om løyving av tilskot. Dersom det er midlar att etter fordeling vert resterande sum overført til Kulturfond.

Kontroll og ettersyn

Søkjaren vert skriftleg gjort kjend med vedtaket i Formannskapet. Kulturavdelinga har rett til å kontrollera at tilskotet vert nytta som føresett i søknaden. Dersom det vert gjeve urette opplysningar og/eller ein bryt med retningslinene for tilskot, kan kommunen krevja tilskotet attendebetalt.